

# Årsrapport 2022

USHT Vestland (Sogn og Fjordane)

<b>1.0 Innleiing</b> .....	3
<b>2.0 USHT sitt samfunnsoppdrag</b> .....	4
<b>2.1 Målgruppe</b> .....	4
<b>2.2 Satsingsområde</b> .....	4
<b>2.3 Metodar brukt for å løyse samfunnsoppdraget</b> .....	5
<b>2.4 Finansiering</b> .....	5
<b>3.0 Organisering og samarbeid</b> .....	7
<b>3.1 Tilsette</b> .....	7
<b>3.2 Fag- og samarbeidsråd</b> .....	8
<b>3.3 Samarbeidspartar</b> .....	8
<b>4.0 Rapportering ut frå satsingsområda for 2022</b> .....	10
<b>4.1 Kvalitetsreforma Leve heile livet</b> .....	11
<b>4.2 Demensplan 2025</b> .....	14
<b>4.3 Pasienttryggleik og kvalitetsforbetring</b> .....	16
<b>4.4 Kvalitet i tenester til personar med utviklingshemming</b> .....	20
<b>4.5 Velferdsteknologi</b> .....	22
<b>4.6 Kompetanse- og kvalitetsutvikling USHT</b> .....	24

## 1.0 Innleiing

Utviklingssenter for sjukeheim og heimetenester (USHT) er ei nasjonal satsing, og har sidan 2011 vore eit av verkemidla for å realisere måla i sentrale nasjonale styringsdokument. I perioden 2019 til 2023 er utviklingssentera ein del av det regionale støtteapparatet for Meld.St.15 Leve hele livet – En kvalitetsreform for eldre.

Sunnfjord kommune er vertskommune for USHT Vestland (Sogn og Fjordane). Forankring og støtte i vertskommunen, kompetansen i USHT og eit godt samarbeid med praksisfeltet, utdannings- og forskingsinstitusjonar, er viktige føresetnadar for å lukkast i rolla som pådrivar for kvaliteten i helse- og omsorgstenestene i kommunane i Sogn og Fjordane-regionen. Arbeidet tilpassar seg lokale behov og variasjonar, bygger på eksisterande kunnskapsarbeid, ny kunnskap, forskning og nasjonale føringar.

Helsedirektoratet delfinansierer sentera og gir årlege føringar for USHT sin aktivitet. Dei nasjonale innsatsområda for 2022 er:

- Kvalitetsreforma Leve heile livet
- Tryggleiksstandard i sjukeheim
- Demensplan 2025
- Pasienttryggleik og kvalitetsforbetring
- Kvalitet i tenester til personar med utviklingshemming
- Velferdsteknologi og digitale løysingar

Vi har i tillegg ei viktig rolle i å synleggjere samanhengar i nasjonale føringar, og gjere lokale tilpassingar med utgangspunkt i den enkelte kommune/teneste sine behov. Organisering og val av metodar/arbeidsmåtar er forankra i samfunnsoppdraget.

Årsrapport 2023 presenterer samfunnsoppdraget og samarbeidspartar, og gir ei oversikt over aktivitetar, deltaking og eventuelle omprioriteringar for kvart av innsatsområda.

**Vår visjon - Utvikling gjennom kunnskap!**

## 2.0 USHT sitt samfunnsoppdrag

Det overordna samfunnsoppdraget gitt til USHT av Helsedirektoratet er å bidra til å styrke kvaliteten i helse- og omsorgstenestene gjennom fag- og kompetanseutvikling og spreiring av ny kunnskap, nye løysingar og nasjonale føringar.

USHT skal vere ein ressurs for kommunane i regionen og bidra til fag- og tenesteutvikling innanfor satsingsområda, fremje samarbeid og legge til rette for deltaking.

### 2.1 Målgruppe

Målgruppa til USHT er leiarar og tilsette i dei kommunale helse- og omsorgstenestene, først og fremst i sjukeheim og heimebaserte tenester. Utviklingssentera skal ha eit bredt fagleg perspektiv og inkludere tenester til personar både med somatiske og psykiske sjukdommar, rusavhengigheit og utviklingshemming.

### 2.2 Satsingsområde

Utviklingssentera skal bidra til at dei kommunale helse- og omsorgstenestene fornyar og forbetrar seg innanfor følgande satsingsområde:

#### **Utvikling i samarbeid med pasientar, brukarar og pårørande**

Tenestetilbodet skal utviklast saman med pasientar, brukarar og pårørande. Det inneber at kommunane må aktivt innhente pasient/brukar og pårørande sine synspunkt når tilbodet til den enkelte blir utforma, og involvere dei i forbetningsarbeid på teneste- og systemnivå.

#### **Fagleg omstilling i tenestene**

Utvikle tenestene gjennom fagleg omstilling, kompetanseutvikling og implementering av nye arbeidsmetodar og organisasjonsformer.

#### **Den nye heimebaserte tenesta**

Utvikling av meir omfattande og avanserte heimebaserte tenester, som møter behova til brukarar med komplekse helsefaglege utfordringar og omfattande psykososiale behov.

#### **Fornyng og innovasjon**

Kvalitet i tenestene vil i framtida krevje at kommunane tar i bruk ny kunnskap og nye løysingar. Lokalt innovasjonsarbeid kan skje i samarbeid mellom kommunar, helseføretak, fagfolk, tenestemottakarar, kunnskaps- og forskingsmiljø, organisasjonar og/eller næringslivet.

## 2.3 Metodar brukt for å løyse samfunnsoppdraget

For å løyse samfunnsoppdraget skal USHT:

- Tilby råd og rettleiing, metodar og verktøy i fagutviklings- og forbetningsarbeid
- Legge til rette for samarbeid og kunnskapsdeling mellom kommunane gjennom nettverk og ulike møtepunkt for leiarar og tilsette
- Bidra til spreiring av ny kunnskap og utvikling av kunnskapsbasert praksis
- Bidra til innovasjon og nye løysingar, og implementering av desse
- Medverke og legge til rette for forskning som er praksisnær og relevant for dei kommunale helse- og omsorgstenestene

Sjå kapittel 4.0 Rapportering.

## 2.4 Finansiering

Utviklingssentera blir finansiert gjennom årlege tilskot frå Helsedirektoratet. Tilskotsramma er gitt i Statsbudsjettet, som i 2022 var kr 2 745 254.

Vertskommunen har krav om medfinansiering og i dag dekker Sunnfjord kommune eitt årsverk og kostnader til administrasjon/lokale m.m.

USHT Vestland (Sogn og Fjordane) har i tillegg søkt tilskotsmidlar til prosjekt/utviklingsarbeid frå Statsforvaltaren i Vestland og Helsedirektoratet, og har ekstern finansiering knytt til deltaking i forskningssamarbeid.

Oversikt for 2022:

Tilskotsordning	Verksemd	Beløp	Omtale
Tilskot til spreiring av velferdsteknologi	Statsforvaltaren i Vestland/Hdir	67 568	Restmidlar frå implementering av velferdsteknologi (NVP), 16 kommunar. Brukt til delfinansiering av sluttkonferanse i 2022.
Fornyings- og innovasjonstilskot	Statsforvaltaren i Vestland	750 000	E-helse Vestland. Samarbeid i Vestland. Sunnfjord kommune prosjekteigar. Frikjøp av ei stilling i USHT. Totalsum kr 3 000 000.
Demensplan 2025 – Fagutvikling og kompetansehevande tiltak	Helsedirektoratet	550 000	Systematisk oppfølging av personar ramma av demenssjukdom i Sogn og Fjordane. Utbetalt i 2021, overført til og brukt i 2022
		260 000	Systematisk oppfølging av personar ramma av demenssjukdom i Sogn og Fjordane. Utbetalt i 2022, overført til og brukt i 2023
Heilskapleg støtte til pårørande med krevjande omsorgsoppgåver	Helsedirektoratet	220 000	Inngår i arbeidet med systematisk oppfølging av personar ramma av demenssjukdom. Utbetalt i 2022, overført til og brukt i 2023
Samarbeid i forskingsprosjektet «Knowlegde to action»	SOFvest/HVL	123 154	Pasientoverføringar og bruk av akutt-tenester i sjukeheim. Midlar til om lag 5% stilling i tre år (2022-2024)

Tilskot til levekårstiltak for personar med funksjonsnedsetting	Bufdir	125 000	Fagnettverk for tilsette i tenesta til personar med utviklingshemming i Vestland (2022-2024). Totalsum kr 2 208 000. USHT Vestland (Hordaland), Bergen kommune, er prosjekteigar. Blir fakturert etter avtale (stillingsressurs, reiser)
Nettside Personentrert praksisutvikling	SOFvest/HVL	120 000	Samarbeid om nettressurs. Oppdrag frå SOFvest/HVL
Tiltak for å auke kompetansen i helse- og omsorgstenesta til personar med utviklingshemming	Helsedirektoratet/ E-helse Vestland	110 000	Tilskotsmidlar til E-helse Vestland. Dei tre utviklingssentera i Vestland gjennomfører ein delaktivitet der USHT Vestland(Song og Fjordane) administrerer økonomien
Kommunalt kompetanse- og innovasjonstilskot - Leve heile livet	Statsforvaltaren i Vestland	155 000	Tildelt desember 2022, overført til bruk i 2023

### 3.0 Organisering og samarbeid

Sunnfjord kommune er vertskommune for USHT Vestland (Sogn og Fjordane). Vertskommunen bidreg med finansiering og er ansvarleg for utviklingssentera si måloppnåing. Utviklingssenteret er lagt direkte under kommunedirektøren i stabseininga Fagutvikling, og kommunalsjef for omsorg har det overordna ansvaret.

#### 3.1 Tilsette

Namn	Stilling	Fagbakgrunn	Kontaktinformasjon
<b>Marta Strandos</b>	Leiar USHT	Sjukepleiar. Master i organisasjon og leing.	<a href="mailto:Marta.Strandos@sunnfjord.kommune.no">Marta.Strandos@sunnfjord.kommune.no</a> Tlf: 41 52 64 16
<b>Annette Eri Norevik</b>	Utviklingskoordinator	Psykiatrisk sjukepleiar. Master i avansert klinisk sjukepleie.	<a href="mailto:Annette.Eri.Norevik@sunnfjord.kommune.no">Annette.Eri.Norevik@sunnfjord.kommune.no</a> Tlf: 47 36 71 11
<b>Berit Ullebust</b>	Utviklings- og kreftkoordinator	Kreftsjukepleiar. Master i kunnskapsbasert praksis.	<a href="mailto:Berit.Helen.Ullebust@sunnfjord.kommune.no">Berit.Helen.Ullebust@sunnfjord.kommune.no</a> Tlf: 94 82 42 54
<b>Liselotte Norman</b>	Utviklingskoordinator	Psykiatrisk sjukepleiar.	<a href="mailto:Liselotte.Norman@sunnfjord.kommune.no">Liselotte.Norman@sunnfjord.kommune.no</a> Tlf: 57 61 26 80
<b>Anne Marte Søsnes</b>	Utviklingskoordinator	Fysioterapeut. Master i helse og sosialfag.	<a href="mailto:anne.marte.solsnes@sunnfjord.kommune.no">anne.marte.solsnes@sunnfjord.kommune.no</a> Tlf: 97 12 14 21
<b>Toril Marie Terum</b>	Utviklingskoordinator	Sjukepleiar. PhD.	<a href="mailto:Toril.marie.terum@sunnfjord.kommune.no">Toril.marie.terum@sunnfjord.kommune.no</a> Tlf: 99 61 05 34
<b>John Eirik Anfinsen</b>	Kommunikasjons- rådgjevar	Master i medievitenskap.	<a href="mailto:John.eirik.anfinsen@sunnfjord.kommune.no">John.eirik.anfinsen@sunnfjord.kommune.no</a> Tlf: 40 01 93 87

### 3.2 Fag- og samarbeidsråd

Fag- og samarbeidsråd gir råd og støtte i tråd med samfunnsoppdrag og definerte innsatsområde. Det vart gjennomført eit digitalt møte i februar 2022. Vi legg opp til eit årleg møte med vekt på innspel og dialog rundt USHT sine aktivitetar og prioriteringar. Neste møte er planlagt våren 2023.

Organisasjon	Namn
Statsforvaltaren i Vestland	Anne Eli Wangen
Helse Førde	Kari Holvik Furevik
Høgskulen på Vestlandet (HVL)	Siri Ytrehus
Vestland Fylkeskommune	Siri Ingvaldsen
Senter for omsorgsforskning vest	Anne Marie Sandvoll/Tone Elin Mekki
Brukarutvalet i Sogn og Fjordane	Kristoffer Skjolden
Norsk Sykepleierforbund, Sunnfjord	Christine Toft Figenskau
Delta	Torunn Solheim
Kommunalsjef Stryn, leiar Helse- og omsorgsutvalet (KS)	Heidi Vederhus
Kommunalsjef Fjaler	Kjersti Valvik
Kommunalsjef frå Sogneregionen	
Kommunalsjef Sunnfjord	Kirstin Bruland
USHT Vestland (Sogn og Fjordane)	Marta Strandos

### 3.3 Samarbeidspartar

USHT skal ha samarbeide med Helsedirektoratet, Statsforvaltaren, Senter for omsorgsforskning og andre utviklingssenter.

Utviklingssenteret har god dialog med Statsforvaltaren i Vestland. Sidan 2019 har vi hatt tett samarbeid i det regionale støtteapparatet for Leve heile livet. Statsforvaltaren er representert i fag- og samarbeidsrådet, og inviterer utviklingssentera til eigne dialogmøte. Dette gjer at vi kan samordne aktivitetar, samarbeide om fagkompetanse og drøfte strategiske prioriteringar.



Samarbeidet med Senter for omsorgsforskning Vest (SOFV) er prega av kontinuitet og god oppfølging. I tillegg til faste møtepunkt, tek partane kontakt ved behov. I 2022 har vi særleg samarbeidd om nettsida [Personsentrert praksisutvikling](#) (eng: Practice Development), prosjektet E-helse Vestland, kvalitetsreforma Leve heile livet, kvalitet i tenestene til personar med utviklingshemming og oppstart av forskingsprosjektet «[From Knowledge to Action](#)». Den årlege regionale nettverkssamlinga som SOFV arrangerer med utviklingssentera i vest var i 2022 lagt til Stavanger (oktober). Tema for samlinga var kompetanse og kvalitet i tenester til personar med utviklingshemming.

Faste møtepunkt med SOFV i 2022:

- Dialogmøte i vertskommunen
- Styringsgruppe- og partnerskapsmøte i SOFV
- Fag- og samarbeidsrådet til USHT

Representasjonen i fag- og samarbeidsrådet avspeglar viktige samarbeidspartar lokalt. I tillegg samarbeider USHT Vestland (Sogn og Fjordane) med:

- KS Vest
- Interkommunal samhandlingskoordinator
- Vestlandsforskning / IT-forum Vest
- Nasjonalt senter for aldring og helse
- Kompetansesenter i lindrande behandling
- Regionalt kompetansesenter for eldremedisin og samhandling (SESAM)
- Helseforskning Sogn og Fjordane
- Nasjonalt kompetansemiljø for utviklingshemming (NAKU)
- Norsk forbund for utviklingshemmede (NFU)
- Regionalt samarbeid med utviklingssentera på Vestlandet
- Andre utviklingssenter

## 4.0 Rapportering ut frå satsingsområda for 2022

USHT Vestland (Sogn og Fjordane) legg til rette for kunnskaps- og erfaringsdeling gjennom etablerte nettverk og samarbeidsarena i vår region. For 2022 vil vi særskilt trekke fram arbeidet med Leve heile livet, læringsnettverket Gode pasientforløp, læringsnettverket Systematisk oppfølging av heimebuande personar med demens og deira pårørande og Fagnettverket for tilsette i tenestene til personar med utviklingshemming (CRPD-nettverk Vestland). Vår kjennskap til kommunane, og det nære samarbeidet med andre aktørar i vår region, gjer det mogeleg å kople kommunar og vere eit bindeledd mellom fagmiljø. Dialogen vår med kommunalsjefar for helse og omsorg har høg prioritet, og innspel frå dei er viktige. I samråd med kommunalsjefane har USHT i 2022 hatt eit særleg fokus på arbeidet med Leve hele Livet, og kommunane sine behov for støtte og rettleiing knytt arbeid med implemetentering. Som eit ledd i dette arbeidet etablerte vi i 2022 ein arena for tilsette som arbeider med fagutvikling i kommunane, med fokus på erfaringsdeling og forbetningsmetodikk. Frå hausten 2022 kopla vi denne møteplassen med Nettverk for leiing og kvalitetsarbeid i sjukeheim.

Rettleiing og opplæring i metodar og verktøy i fagutviklings,- forbetnings- og implementeringsarbeid skjer i stor grad gjennom våre aktivitetar, og ved at tilsette/leiarar tek kontakt for råd og rettleiing. USHT ser det som viktig å ha metodekompetanse slik at vi kan vere fleksible og tilpasse fasilitatorrolla med utgangpunkt i kommunane sine behov. USHT Vestland (Sogn og Fjordane) vil med bakgrunn i dette vidareføre arbeidet med å styrke eigen implementering- og fasiliteringskompetanse gjennom interne arbeidsseminar og kollegarettleiing, samarbeid med andre USHT og vidare arbeid med Personsentrert praksisutvikling. I tillegg har vi saman med USHT Viken (Buskerud) og Senter for omsorgsforskning øst og vest utvikla eit skreddarsydd kompetanseløp – pUSH IT, med oppstart januar 2023. Målet er å gje dei tilsette i USHT auka kunnskap om implementering og rettleiing i komplekse system, og kunnskapar og ferdigheiter som gjer tilsette i USHT betre i stand til å jobbe systematisk i å støtte kommunar i implementering av kunnskapsbasert praksis.

Arbeid med velferdsteknologi og innovasjon har vore høgt prioritert i USHT Vestland (Sogn og Fjordane) sidan 2014 gjennom prosjektleiing for kommunane i Sogn og Fjordane i Nasjonalt velferdsteknologiprogram (NVP) og etablering av prosjektet E-helse Vestland i 2020. Vår erfaring og kompetanse blir vidareført i samarbeidet med E-helse Vestland. Det gir oss eit godt grunnlag for å samordne tilbud ut mot kommunane, synleggjere samanhengar mellom ulike satsingar og nyttiggjere kompetanse på tvers. I 2021 tilsette vi ein trainee innan strategisk kommunikasjon. Stillinga er delt mellom USHT og E-helse Vestland, og er vidareført på prosjektmidlar. Dette er ein kompetanse/ressurs som òg blir nytta i det nasjonale samarbeidet (Kommunikasjonsforum) og regionale samarbeid i vest. Eit godt døme er samarbeidet med USHT Vestland (Hordaland ) og USHT Helse Fonna om ein digital inspirasjonsdag om velferdsteknologi for tilsette i tenestene til personar med utviklingshemming. Dagen vart lansert 1. desember og ligg tilgjengeleg som digital ressurs i eitt år. Inspirasjonsdagen har fått stor nasjonal merksemd frå tenestene og ulike fagmiljø.

Å bidra til spreiding av ny kunnskap og utvikling av kunnskapsbasert praksis i kommunane er ein viktig del av USHT sitt arbeid. Vi informerer om og nyttar aktivt nasjonale rettleiarar og retningslinjer, og i 2022 har dialogmøta i Leve heile livet vore ein god arena for det. Bruarkunnskap/-medverknad er ein viktig dimensjon i kunnskapsbasert praksis som særskilt blir løfta fram i møter med kommunane og i dei enkelte prosjekta/utviklingsarbeid.

Rolla til USHT i forskingsprosjekt spenner seg frå å vere prosjekteigar eller aktiv samarbeidspart, til å legge til rette for datainnsamling og etablere arena for ide- og erfaringsdeling. USHT har tilsett ein medarbeidar med forskingskompetanse/phd, og deltek i ulike forskingssamarbeid med Helse Førde, HVL campus Førde og Senter for omsorgsforskning.

#### 4.1 Kvalitetsreforma Leve heile livet

USHT er ein del av det regionale støtteapparatet i Vestland saman med Statsforvaltaren og KS. Statsforvaltaren koordinerer arbeidet. Kommunane sine behov er førande for våre aktivitetar. Dialogmøta som støtteapparatet har med kommunane er nyttige møteplassar for å dele informasjon, drøfte utfordringar, synleggjere samanhengar og ressursar, og avtale eventuell vidare oppfølging. Etter ynskje frå kommunalsjefane i vår region, reiser USHT ut til kommunane der vi møter leiarar/ressurspersonar. Fokuset i møta er på å gjere utviklingssenteret kjent, for så med utgangspunkt i forbetningsarbeid som kommunane planlegg/er i gang med diskutere behov for prosessretteiing. Møta gir eit godt grunnlag for USHT si særskilte oppgåve i å tilby kommunane råd og rettleiing i metodar og verktøy i gjennomføringsfasen. Vi legg i møta elles vekt på å synleggjere samanhengar og dra parallellar mellom nasjonale satsingar og ulike prosjekt/utviklingsarbeid.

Bemanningsutfordringane i helse- og omsorgstenestene har stor merksemd i kommunane, og mange tek kontakt for å drøfte problemstillingar rundt rekruttering, kompetanse, ansvar- og oppgåvedeling, og arbeidstidsordningar. USHT innhentar erfaringar og kunnskap på området, og har mellom anna dialog med KS om TØRN-prosjektet. Parallelt har vi i 2022 leia eit kartleggingsarbeid i omsorgssentera i Sunnfjord kommune (vår vertskommune). Vi rettleiar det vidare arbeidet der, og brukar erfaringane inn i møte med andre kommunar. Vi forventar at dette blir eit prioritert område framover.

#### Tryggleiksstandard i sjukeheim

Tryggleiksstandard i sjukeheim er eit leiarverktøy for kvalitetsutvikling i sjukeheim. USHT skal gjere ressursen kjend og støtte leiarar i å ta den i bruk. Vi har i 2022 brukt tid på innsikt og forankring i kommunane, og har utarbeidd ein plan for arbeidet i tett dialog med kommunale leiarar. Vi har landa på å starte eit nettverk for leiing og kvalitetsarbeid i sjukeheim, der innhaldet i tryggleiksstandarden blir ein naturleg og viktig del av innhaldet. Grunna høg aktivitet og stort press på kommunane, valte vi å vente med oppstart av nettverket til februar 2023. Vi ser no ei stor interesse og god påmelding til nettverket.

<b>LEVE HEILE LIVET</b>	
<b>Prosjekt/aktivitet</b>	<b>Rapportering 2022</b>
<b>Del av regionalt støtteapparat i Vestland</b>	<p>USHT er ein del av det regionale støtteapparatet i Vestland saman med Statsforvaltaren og KS. Statsforvaltaren koordinerer arbeidet og har ansvar for gjennomføringsplan og den samla rapporteringa. USHT Vestland (Sogn og Fjordane) deltek i koordineringsgruppa, samarbeidsforum og arbeidsgrupper.</p> <p>Aktivitetar i det regionale støtteapparatet i 2022:</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>- Digitale dialogmøte med kommunane (4)</li> <li>- Digitalt nettverksmøte for kontaktpersonar i kommunane i Vestland (1)</li> <li>- <a href="#">«Leve heile livet-konferanse</a> (Skei og Bergen) i oktober/november</li> <li>- <a href="#">Nyhendebrev</a> (2)</li> <li>- Oversikt over nettverk i vår region</li> </ul> <p>USHT sin eigen aktivitet i 2022:</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>- Kommunebesøk til 6 av 18 kommunar, med fokus på deira behov for prosessretteiing</li> <li>- To digitale møte med ressurspersonar for fagutvikling i kommunane (erfaringsdeling, forbetningsmetodikk)</li> <li>- Nyttå USHT sin metodekompetanse i møte/workshop, lagt til rette for erfaringsdeling, informert om tilskotsordningar og tilbydd rettleiing i søknadsprosess</li> <li>- Deltatt på: <ul style="list-style-type: none"> <li>o Erfaringsdeling med det regionale støtteapparat i regi av Helsedirektoratet (digitalt)</li> <li>o Samling i Trondheim i mai for regionale og nasjonalt støtteapparat</li> <li>o Helsedirektoratet sin digitale Leve heile livet-konferanse</li> <li>o Statsforvaltaren sitt dialogmøte om rekruttering og utdanning av helse og omsorgspersonell i Vestland 21.nov 2022</li> <li>o KS si samling for helsenettverket i Vestland 23.-24. nov</li> </ul> </li> <li>- Leia kartleggingsarbeid ved omsorgssentera i Sunnfjord kommune (ansvars- og oppgåvedeling)</li> </ul>

Prosjekt/aktivitet	Rapportering 2022
<p><b>Samarbeid med interkommunal samhandlingskoordinator</b></p>	<p>USHT samarbeider tett med interkommunal samhandlingskoordinator knytt til lokalt utviklingsarbeid. I tillegg til Leve heile livet har vi i 2022 hatt særskilt fokus på:</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>- Å synleggjere samanhengar i nasjonale føringar</li> <li>- Dra parallellar i samhandlingsprosjekt mellom spesialisthelsetenesta, kommunane og USHT sine satsingsområde</li> <li>- Læringsnettverk Gode pasientforløp</li> <li>- Sogn og Fjordane Helsefellesskap</li> <li>- Innlegg på Samhandlingskonferansen</li> <li>- Samarbeid om projektskisse og søknad på fornyingsmidlar hos Statsforvaltaren 2023: Etablering av klyngesamarbeid for forskning mellom kommunane i regionen Sogn og Fjordane</li> </ul> <p><a href="#">Årsmelding samhandlingskoordinator 2022</a></p>
<p><b>Tryggleiksstandard i sjukeheim – eit leiarverktøy for kvalitetsutvikling</b></p>	<p>USHT har i 2022 brukt tid på innsikt og forankring i kommunane, og saman med leiarar i eit utval sjukeheimar laga ein plan for eit langsiktig arbeid med leiing og kvalitet i sjukeheim. Vi startar opp eit nettverk for sjukeheimsleiarar og ressurspersonar februar 2023.</p> <p>Aktivitetar gjennomført i 2022:</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>- Deltatt på oppstartsmøte med Helsedirektoratet 22.mars</li> <li>- Arbeid internt med innhaldet i tryggleiksstandarden og identifisert moglege samordningar med andre tilbod/behov</li> <li>- Informert om tryggleiksstandarden i møte med kommunane</li> <li>- Innlegg på Leve heile livet-konferanse i Vestland på Skei, 21. oktober</li> <li>- Planlagt Nettverk for leiing og kvalitetsarbeid i sjukeheim: <ul style="list-style-type: none"> <li>o Dialog og samarbeid med USHT Helse Fonna</li> <li>o Innspelsmøte med eit utval sjukeheimsleiarar/ressurspersonar fagutvikling</li> <li>o Drøfta i Helse- og omsorgsutval (nettverk kommunalsjef)</li> <li>o Digitale informasjonsmøte med kommunane 5. og 6. desember</li> </ul> </li> </ul>

## 4.2 Demensplan 2025

USHT skal bidra til at kommunane planlegg og gjennomfører sine tenester i tråd med mål, satsingsområde og tiltak i Demensplan 2025. Personsentrert omsorg, heilskapleg tenestetilbod og kompetanse har vore prioriterte områder for oss i 2022. Både i dialogmøta med kommunane i Leve heile livet, og møtepunkta mellom USHT Vestland (Sogn og Fjordane) og kommunane har vore gode arena for å rette fokus på nasjonal fagleg retningslinje om demens, veiviser demens og demenskartet, og samstundes knytte det til våre tilbod om opplæring og rettleiing. Arbeidet vårt med heilskapleg tenesteforløp og systematisk oppfølging av personar ramma av demenssjukdom er vidareført i læringsnettverket Systematisk oppfølging av heimebuande personar med demens og deira pårørande.

Vi tilbyr i tillegg kompetanseheving via Demensomsorgas ABC og opplæring i metodane VIPS og TID, samt bidrar til spreieing av kunnskap om demens i ulike utval, lag og organisasjonar.

DEMENSPLAN 2025	
Prosjekt/aktivitet	Rapportering 2022
<b>Systematisk oppfølging av heimebuande personar med demens og deira pårørande</b>	<p>Våren 2022 inviterte USHT Vestland (Sogn og Fjordane) til eit læringsnettverk for å bidra til at kommunane i Sogn og Fjordane-regionen etablerer rutinar som sikrar systematisk oppfølging av heimebuande personar med demens og deira pårørande. Totalt 12 kommunar er påmeldt og deltok på første samling i læringsnettverket.</p> <p>Kommunane vel sjølv område for forbetring. USHT nyttar Veiviser demens aktivt i læringsnettverket, og rettleiar på både fag- og metode.</p> <p>Aktivitetar gjennomført i 2022:</p> <ul style="list-style-type: none"><li>- Digitalt informasjonsmøte for kommunalsjefar og ressurspersonar i kommunane i Sogn og Fjordane-regionen</li><li>- Kommunevise dialogmøte våren 2022</li><li>- Førebuaende møte med teamleiarane i deltakande kommunar (digitalt)</li><li>- Arrangerte første samling i læringsnettverket 4. oktober 2022 (fysisk)</li><li>- Individuell rettleiing med alle teamleiarane som ledd i oppfølginga i etterkant av første samling (tlf./digitalt)</li></ul>

Prosjekt/aktivitet	Rapportering 2022
<p><b>Demensvenleg samfunn</b></p>	<p>USHT har i 2022 bidratt til spreing av kunnskap om demens til både tilsette og innbyggjarar i kommunar i vår region, og i ulike utval, lag og organisasjonar.</p> <p>Aktivitetar gjennomført i 2022:</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>- Presentert funn frå Toril Terum sitt doktorgradsprosjekt i media (NRK radio og NRK Vestland Sogn og Fjordane), på konferansar og i ulike politiske utval, lag og organisasjonar (6)</li> <li>- Innlegg om kommunikasjon og samhandling (4)</li> <li>- Presentasjon av Veiviser demens og USHT (1)</li> <li>- Undervisning for fagtilsette om demens, personsentrert omsorg og åtferd som utfordrar oss (4)</li> </ul> <p>Vi har òg vore i dialog med SESAM vedrørande deltaking på digital brukarskule for personar med demens.</p>
<p><b>Implementering av personsentrert omsorg</b></p>	<p>USHT tilbyr kommunane i Sogn og Fjordane-region opplæring i metodane VIPS praksismodell og TID, og vere ei støtte for ressurspersonar og leiarar i implementeringsarbeid.</p> <p>Aktivitetar gjennomført i 2022:</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>- To tilsette deltok på kurshaldarkurs i TID, juni 2022</li> <li>- Vore i dialog med fleire kommunar om både TID og VIPS, og gjennomført eitt TID-kurs</li> <li>- Rettleie og støtte ressurspersonar i implementeringsarbeidet</li> <li>- Undervist tilsette i vårt nedslagsfelt om personsentrert omsorg, både på ABC fagseminar og elles på førespurnad</li> </ul>

### 4.3 Pasienttryggleik og kvalitetsforbetring

USHT tilbyr kommunane råd og rettleiing i arbeidet med kompetanse og metodar som understøttar systematisk arbeid med pasienttryggleik, kvalitetsforbetring og klinisk observasjonskompetanse, i tråd med Forskrift om Ledelse og kvalitetsforbedring i helse og omsorgssektoren. Arbeidet blir sett i samanheng med initiativ knytt til Leve heile livet reforma, og har i 2022 vidareført mange av aktivitetane/tilboda frå tidlegare, som til dømes læringsnettverket Gode pasientforløp.

Tilbodet om kompetanseheving i klinisk observasjonskompetanse er vidareført i 2022, med mål om at pasientar i kommunal helse- og omsorgsteneste skal bli ivaretatt med rett kompetanse, til rett tid, av rett personell på rett stad når endring, forverring eller akutt sjukdom inntreff. I 2022 har tre kommunar gjennomført opplæring i KlinObs Kommune. Opplæringa blir gjennomført i tett samarbeid med ambulansenesta i Helse Førde.

USHT har i samarbeid med Ressursnettverket i lindrande behandling pilotert eit fagleg opplegg med vekt på kompetanseheving innan grunnleggande palliasjon og etisk refleksjon for tilsette i sjukeheim. Fokus er på lindrande behandling til sårbare eldre med kognitiv svikt og deira pårørande. USHT planlegg å tilby opplegget til fleire sjukeheimar.

<b>KVALITETSFORBETRING OG PASIENTTRYGGLEIK</b>	
<b>Prosjekt/aktivitet</b>	<b>Rapportering 2022</b>
<b>Fagnettverk innan eldremedisin/eldreomsorg</b>	<p>Fagnettverk innan eldremedisin/eldreomsorg er vidareført i 2022. Målet er å samordne satsingar og aktivitetar knytt til Leve heile livet, Demensplan 2025 og pasienttryggleik. Overordna tema 2022-2024 er observasjonskompetanse.</p> <p>Aktivitetar gjennomført i 2022:</p> <ul style="list-style-type: none"><li>- Fagdag om delirium hos eldre (digital)</li><li>- Fagdag med fokus på kva inneber det å bli eldre og leve som gammal, og kva er viktig for eldre i møte med alderdommen? (fysisk)</li></ul> <p>I tillegg har vi utarbeidd forslag til revisjon av mandatet for nettverket, som vil bli behandla i Sogn og Fjordane Helsefelleskap i 2023. Møter i driftsgruppe og brukarutval vil skje i etterkant av det.</p>



Prosjekt/aktivitet	Rapportering 2022
<b>Klinisk observasjonskompetanse</b>	<p>I 2022 har tre kommunar med til saman 70 deltakarar gjennomført fire samlingar etter trinn 1 og 3 i modellen KlinObs-kommune. Samlingane kombinerer teoretisk innføring og praktisk øving på vitale målingar, ABCDE prinsippa og verktøy for å vurdere risiko og formidling av observasjonar på ein systematisk måte.</p>
<b>Arbeid med kvalitetsutvikling i helse og omsorgstenestene - arena for erfaringsdeling</b>	<p>Arena for erfaringsdeling starta opp i 2022 på initiativ frå tilsette med ansvar for fagutvikling i helse og omsorgstenestene. Målet var å skape ein arena for erfaringsdeling og fagleg påfyll. Arbeidet er forankra hos kommunalsjefar i helse og omsorg.</p> <p>Aktivitet i 2022:</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>- To digitale halvdagssamlingar (vår 2022)</li> </ul> <p>Hausten 2022 valte vi å kople dette møtepunktet til arbeidet med Tryggleiksstandard i sjukeheim og etablere eit nettverk for leiing og kvalitetsarbeid.</p>
<b>ABC opplæringsmodell</b>	<p>Som leverandør for ABC-opplæringa har vi i 2022 følgd opp underleverandøravtalar med Nasjonalt senter for aldring og helse, og deltatt</p> <p>Aktivitetar gjennomført i 2022:</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>- Arrangert fagseminar Demensomsorgas ABC perm 1, fagseminar 1 (3, fysisk)</li> <li>- Arrangert fagseminar Demensomsorgas ABC perm 2, fagseminar 1 (1, fysisk)</li> <li>- Arrangert fagseminar Demensomsorgas ABC perm 1, fagseminar 2 (3, fysisk)</li> <li>- Arrangert det årlege dialogmøtet med kommunekontaktane (1, digitalt)</li> <li>- Deltatt på ABC-dagane i regi av Nasjonalt senter for aldring og helse</li> </ul>

Prosjekt/aktivitet	Rapportering 2022
<b>Lindrande behandling til sårbare eldre i sjukeheim</b>	<p>USHT har i 2021-2022 pilotert og evaluert eit fagleg opplegg med sju samlingar for helsepersonell ved ein sjukeheim der tema var fokus på grunnleggande palliasjon og systematisk etisk refleksjon.</p> <p>I 2022 har vi spreia erfaringar frå prosjektet til kommunane i vårt nedslagsfelt.</p>
<b>Digital opplæringspakke for helsefagarbeidarar i lindrande behandling</b>	<p>USHT inviterer kommunane til opplæringspakken to gonger årleg, og tilbyr mentoropplæring etter behov. Frå 2020-22 har 400 helsefagarbeidarar frå 13 kommunar gjennomført opplæringspakken. Av desse gjennomførte 46 deltakarar i 2022.</p>
<b>Forskningsprosjekt: Knowledge to action (K2A)</b>	<p>Forskningsprosjektet “Knowledge to action” (2022-2026) skal undersøke pasientoverføringar og bruk av akutt-tenester i sjukeheim, med fokus på kva overføringar ein kan unngå, og korleis? Og når ein ikkje kan eller bør unngå overføringar, korleis desse kan bli best mogleg for pasientane?</p> <p>Prosjektet er finansiert med midlar frå Norsk forskingsråd, og består av til saman tre arbeidspakkar. USHT samarbeider om arbeidspakke tre, med fokus på å utvikle ein modell for betre pasientoverføringar, fasilitering og utprøving av ein undervisingsmodul for tilsette i sjukeheim.</p> <p>I 2022 har USHT deltatt på møte med deltakande kommune i vårt nedslagsfelt, og på møte med prosjektleiarar/-deltakarar.</p>
<b>Etikk i kommunale helse- og omsorgstenester</b>	<p>USHT samarbeider med KS rundt satsing på etisk kompetanseheving. Gjennom KS har kommunane eit kontinuerleg tilbod om opplæring av etikkveiledarar. Vi koplør dette tett til arbeidet i det regionale støtteapparatet for Leve heile livet, som ein metode i systematisk endrings-/forbetringsarbeid.</p> <p>I 2022 har vi følgd dette opp gjennom:</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>- Dialogmøta i Leve heile livet</li> <li>- Å støtte opp om KS sitt informasjonsarbeid, opplæring av etikkveiledarar og oppfølging av etikkarbeid i kommunane</li> <li>- Etisk refleksjon som ein del av utviklingsarbeidet Lindrande behandling til sårbare eldre i sjukeheim</li> </ul>

Prosjekt/Aktivitet	Rapportering 2022
<p><b>Gode pasientforløp – læringsnettverk i regi av KS og Folkehelseinstituttet (FHI)</b></p>	<p>Arbeidet med læringsnettverket Gode pasientforløp i regi av KS og Folkehelseinstituttet (FHI) forsette i 2022. USHT har ansvar for å rettleie dei kommunale teama, er lokal medarrangør, og arbeider tett med FHI og KS i planlegging, lokale tilpassingar og evaluering. Totalt 13 kommunar frå Sogn og Fjordane-regionen deltar, saman med tre team frå Helse Førde.</p> <p>Aktivitetar gjennomført i 2022:</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>- Digitalt møte med teamleiarane</li> <li>- Fysisk samling i regi av USHT og Helse Førde som eit ledd i rettleiinga</li> <li>- Siste samling av læringsnettverket i regi av FHI og KS (fysisk). USHT medarrangør</li> <li>- Individuell/gruppe rettleiing mellom samlingane, med oppfølging frå FHI/KS</li> <li>- Digital erfaringsdeling i regi av USHT</li> </ul>
<p><b>Polyfon</b></p>	<p>Polyfon er ei kunnskapsklynge for musikkterapi ved Griegakademiet, UiB. USHT har fornya medlemskapet gjennom partssamarbeid med Helse Førde, Vestland fylkeskommune og Kinn kommune. Partssamarbeidet har i 2022 fordelt ansvar og roller opp mot samarbeid/styringsstruktur i klynga, og drøfta lokale utfordringar og prioriteringar. Utviklingssenteret har deltatt på møte i Nasjonalt nettverk for musikk og eldrehelse, og to-dagars seminar for faggrupper i Alrek helseklynge.</p> <p>Utviklingssenteret ser dette i tett kopling til pågåande aktivitetar som Leve heile livet og ABC opplæring.</p> <p>Vi ynskjer å løfte dette opp som eit mogeleg samarbeidsområde for utviklingssentera på Vestlandet. Det har ikkje vore mogeleg å prioritere det i 2022, og vi må vurdere ei evt oppfølging i 2023.</p>

#### 4.4 Kvalitet i tenester til personar med utviklingshemming

2021 kom det ein ny nasjonal rettleiar «Gode helse- og omsorgstjenester til personer med utviklingshemming». USHT Vestland (Sogn og Fjordane) og USHT Vestland (Hordaland) har fått tildelt midlar frå Bufdir og Helsedirektoratet for å etablere eit nettverk for fagpersonar som har eit overordna ansvar for fagutvikling i tenestene til personar med utviklingshemming. Fagnettverket starta opp hausten 2022 og skal gå over ein periode på to år. Målet er å støtte tilsette i kommunane i arbeidet med å omsette rettleiaren frå ord til handling, samt å bidra til erfaringsdeling og nettverksbygging på tvers av kommunane.

USHT har i tillegg bidratt til kompetanseheving blant tilsette i tenestene til personar med utviklingshemming gjennom Mitt Livs ABC. Innan velferdsteknologi har vi i samarbeid med E-helse Vestland og USHT Helse Fonna arrangert ein digital inspirasjonsdag, med fokus på å auke kompetansen i tenestene på dette området.

KVALITET I TENESTER TIL PERSONAR MED UTVIKLINGSHEMMING	
Prosjekt/aktivitet	Rapportering 2022
Mitt livs ABC	<p>Som leverandør for ABC-opplæringa tilbyr vi kommunane i Sogn og Fjordane-regionen Mitt Livs ABC og Musikkbasert miljøbehandling.</p> <p><b>Gjennomførte fagseminar våren 2022:</b></p> <ul style="list-style-type: none"><li>- ABC Musikkbasert miljøbehandling utviklingshemming (1, fysisk)</li><li>- Mitt livs ABC perm 1, fagseminar 1 (2, fysisk)</li></ul> <p><b>Gjennomførte fagseminar hausten 2022:</b></p> <ul style="list-style-type: none"><li>- Mitt livs perm 2, fagseminar 1 (1, fysisk)</li><li>- Mitt livs perm 1, fagseminar 2 (1, fysisk)</li></ul>

Prosjekt/aktivitet	Rapportering 2022
<p><b>Nettverk for fagtilsette i Vestland (CRPD-nettverk)</b></p>	<p>CRP-nettverket er eit fagnettverk til for tilsette som har eit overordna ansvar for fagutvikling i tenestene til personar med utviklingshemming, som vi tilbyr saman med USHT Vestland (Hordaland). 23 kommunar i Vestland deltar i fagnettverket, med til saman 70 deltakar. Målet er å bidra til å gjere kommunane kjend med og ta i bruk den nasjonale rettleiaren «Gode helse- og omsorgstjenester til personer med utviklingshemming», og å bli kjent med grunnleggande rettigheter til personar med utviklingshemming.</p> <p>Fagnettverket starta opp hausten 2022, og skal gå over to år med til saman åtte nettverksamlingar (fire fysiske og fire digitale). I tillegg rettleiar USHT kommunane mellom samlingane. Fagnettverket har tett samarbeid med Statsforvalteren i Vestland, NFU, NAKU, og Senter for omsorgsforskning vest.</p> <p>Aktivitetar gjennomført i 2022:</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>- Etablert prosjektgruppe</li> <li>- Arrangert digitalt informasjonsmøte med kommunalsjefar og andre relevante fagpersonar</li> <li>- Arrangert eit lunsj til lunsj fagnettverssamling i Bergen</li> <li>- Arrangert ei digital dagssamling</li> <li>- Gjennomført rettleiing med deltakande kommunar mellom fagsamlingane</li> </ul>
<p><b>Samarbeid med KS: Læringsnettverk for tenester til personar med utviklingshemming</b></p>	<p>KS arrangerer eit læringsnettverk (2022-2023) for kommunedirektøren si leiargruppe, linjeleiarar og fagpersonar knytt til personale og økonomi. USHT er observatør på samlingane, og gir innspel på fagleg innhald. USHT vil ha ei observatørrolle i nettverket, delta på samlingane og gje innspel til fagleg innhald.</p>
<p><b>Samarbeidsarena for fagmiljø i regionen</b></p>	<p>Det har i 2022 blitt gjennomført eit digitalt nettverksmøte med Statsforvaltaren i Vestland, Helse Førde (voksenhabiliteringa), HVL og KS, som eit ledd i arbeidet med å etablere eit samarbeid på tvers med aktuelle fagmiljø i regionen. Formålet er å bli kjent med og dra nytte av kvarandre sin fagkompetanse på tvers av instansane.</p>

Prosjekt/aktivitet	Rapportering 2022
<b>Velferdsteknologi</b>	<p>USHT Vestland (Hordaland), USHT Helse Fonna og USHT Vestland (Sogn og Fjordane) samarbeida våren/hausten 2022 om å lage ein digital fagdag om velferdsteknologi i tenestene til personar med utviklingshemming. Målgruppa var tilsette i tenestene til personar med utviklingshemming, forvaltningskontor, leiarar, beslutningstakarar og andre med interesse for tema.</p> <p>Fagdagen vart innspelt på førehand, med opptak frå ulike førelesarar og bidragsytarar. Dagen vart lansert den 1. desember. På laseringsdagen telte ein 470 påmeldte. Sendinga ligg opent tilgjengeleg på nettsida til USHT Vestland (Sogn og Fjordane), og i mars 2023 var det 2800 som hadde vert inne og sett på heile eller delar av fagdagen. Fagdagen vil ligge opent tilgjengeleg fram til 1. desember 2023.</p>

#### 4.5 Velferdsteknologi

Velferdsteknologi har vore eit prioritert område i USHT Vestland (Sogn og Fjordane) sidan 2014. Vi har leda prosjektet i Sogn og Fjordane (Nasjonalt velferdsteknologiprogram, NVP), og sikra overgang til samarbeidsprosjektet E-helse Vestland. USHT har eit særskilt fokus på kompetanse, og det har vore stor interesse for Velferdsteknologiens ABC i 2022. Plan for forankring og gjennomføring har vore i samarbeid med dei andre USHT-ane på Vestlandet og E-helse Vestland. Vi har stor nytte av stillinga vi har innanfor kommunikasjon. Den kompetansen i utviklingssenteret gjer at vi har utvikla og lansert digitale ressursar på fleire områder, og særskilt stor interesse var det for digital fagdag for tenestene til personar med utviklingshemming.

## VELFERDSTEKNOLOGI OG DIGITALE LØYSINGAR

Prosjekt/aktivitet	Rapportering 2022
<b>Velferdsteknologiens ABC</b>	<p>Utarbeidd opplegg med bakgrunn i revidert undervisningsmateriale i samarbeid med E-helse Vestland og utviklingssentra på Vestlandet.</p> <p>Ferdigstilt digitale ressursar til bruk i undervisning/fagdagar/ABC-seminar.</p> <p>Aktivitetar gjennomført i 2022:</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>- Planlagt og leia workshop med dei fire utviklingssentra på Vestlandet</li> <li>- Digitalt informasjonsmøte for kommunale leiarar</li> <li>- Tre regionale oppstartsseminar (Sogndal, Førde, Nordfjordeid) med til saman 194 deltakarar</li> </ul>
<b>E-helse Vestland</b>	<p><a href="#">E-helse Vestland</a> starta i 2020 som eit samarbeidsprosjekt mellom Velferdsteknologi i Sogn og Fjordane og Vestlandsprosjektet - saman om velferdsteknologi. Prosjektet er ein del av ein fleirårig plan der alle kommunane i Vestland fylke gradvis vert med. Sunnfjord kommune er prosjekteigar.</p> <p>USHT held fram med å vere ein aktiv deltakar og er med i forankringsgruppe og arbeidsgrupper, og har eit særskilt fokus på kompetanseutvikling. Stillingsressursar er frikjøpt inn i prosjektet. Dette sikrar kontinuitet og vidareføring av kompetanse etter mangeårig arbeid med velferdsteknologi i Sogn og Fjordane.</p> <p>Prosjekt og aktivitetar er avhengig av ekstern finansiering, og har i 2022 i hovudsak fått tilskotsmidlar frå Statsforvaltaren i Vestland og Nasjonalt velferdsteknologiprogram.</p>

#### 4.6 Kompetanse- og kvalitetsutvikling USHT

Kompetansen i USHT er ein viktig føresetnad for å lykkast med pådrivarrolla i fag- og tenesteutvikling i kommunehelsetenesta. USHT Vestland (Sogn og Fjordane) har med bakgrunn i dette vidareført arbeidet med å styrke eigen implementering- og fasiliteringskompetanse. Kommunikasjon, digitale plattformer og verktøy er ein viktig del av det.

Kompetanse- og kvalitetsutvikling i USHT	
Prosjekt/aktivitet	Rapportering 2022
<b>Nettside for personsentrert praksisutvikling</b>	<p>Nettside for «<a href="#">Personsentrert praksisutvikling</a>» (eng: Practice Development) vart lansert i september 2022. Målgruppa er tilsette i helse- og omsorgstenestene som har ansvar for å fasilitere endringsprosessar. USHT Vestland (Sogn og Fjordane) har leia arbeidet med nettressursen, og tar på seg ansvaret for vedlikehald og oppdatering av nettsida i samarbeid med ei redaksjonsgruppe.</p> <p>Gjennomførte aktivitetar i 2022:</p> <ul style="list-style-type: none"><li>- Planlegge og lede arbeidet med publisering på nettside</li><li>- Ha kontakten med leverandør av løysinga til nettsida</li><li>- Lage struktur og publisere på nettside</li><li>- Samarbeide med og rapportere til redaktørgruppa</li><li>- Sikre utprøving/testing før lansering</li><li>- Planlegge for spreing og utprøving, utvikling av kurs/opplæring og samarbeid med masterstudentar og moglege phd-kandidatar</li></ul>
<b>Kommunikasjon/ digitalisering</b>	<p>USHT har tilsett ein trainee innan «Strategisk kommunikasjon», som i august 2022 gjekk over i ei engasjement-stilling. Ressursen blir delt mellom USHT og E-helse Vestland, og har i 2022 retta seg mot:</p> <ul style="list-style-type: none"><li>- Strukturert og målretta strategi for drift av nettside og sosiale medier</li><li>- Fokus på engasjerande relevant innhald i opne kanalar</li><li>- Strategiske grep for å sikre at USHT sine tilbod, ressursar og kompetanse blir kjent i tenestene</li></ul>



Prosjekt/aktivitet	Rapportering 2022
<p><b>Vidareutvikle implementerings- og fasiliteringskompetansen i USHT</b></p>	<p>USHT har i 2022 vidareført arbeidet med å styrke eigen implementering- og fasiliteringskompetanse, og arbeide systematisk med refleksjon over og evaluering av vår eiga rolle og praksis.</p> <p>Gjennomførte aktivitetar i 2022:</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>- Interne arbeidsseminar 2 x 2dg/år</li> <li>- Faste teammøter/veke</li> <li>- Prioritere relevante konferansar</li> <li>- Kursleiarkurs i TID</li> <li>- Styrke kompetanse innan etisk refleksjon</li> <li>- Styrke rettleiingskompetanse, bl.a. gjennom prosessrettleiing i Leve heile livet (det regionale støtteapparatet)</li> </ul> <p>I tillegg har vi saman med USHT Viken (Buskerud) og Senter for omsorgsforskning Øst og Vest utarbeidd eit skreddarsydd kompetanseløp – pUSH iT. Målet er å gje dei tilsette i USHT auka kunnskap om implementering og rettleiing i komplekse system, og kunnskapar og ferdigheiter som gjer tilsette i USHT betre i stand til å jobbe systematisk i å støtte kommunar i implementering av kunnskapsbasert praksis. Planlagt oppstart for pUSHT-iT er januar 2023.</p>



[USHT Vestland, Sogn og Fjordane | Facebook](#)

[usht@sunnfjord.kommune.no](mailto:usht@sunnfjord.kommune.no)  
Marta Strandos (leiar), tlf. 41 52 64 16

[Utviklingscenter for sjukeheimar og heimetenester \(ushtsognogfjordane.no\)](http://ushtsognogfjordane.no)